



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	14.11.2018
Tid:	18-21
Deltakarar:	Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid Forfall: Kjell Nilsen, Ragni Haga, Arne H. Hansen
SAKLISTE NR:	10/2018

SAK 91/18 **GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 17.10.2018, saksliste 9/2018**

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Asle Zimmermann, Dag Johnsen

SAK 92/18 **MØTEDATOAR VINTEREN/VÅREN 2019**

Vedtak:

AU-møte: ons 9.1., 6.2., 6.3., 3.4., 8.5. og 12.6.

MR-møte: ons 16.1., 13.2., 13.3., 10.4., 15.5. og 19.6.

Ons 23.1. er det valkurs for nytt mr-val i Østre Halsen kyrkje kl 18-21.

Sundag 10.3 har vi årsmøte i Tanum kyrkje etter gudstenesta.

SAK 93/18 **NYTT ORGEL TANUM KYRKJE, STATUS NOVEMBER 2018**

Sjå sak 86/18 og mange tidlegare saker.

Status som ved forrige møte. Send gjerne forslag på e-post til leiar av orgelkomitéen Elisabet Romøren før 25.11. på forslag til personar eller firma det kan vera aktuelt å kontakte for økonomisk stønad.

SAK 94/18 **BUDSJETT 2019, FØREBUING.** Jamfør sak 90/2017 og 78/2018, samt vedlegget: Budsjettgrunnlag Tanum MR 2019 frå Tor Bakken

Elisabet Romøren gjekk gjennom utkast til budsjett for 2019. Konkret forslag til budsjett blir lagt fram i desembermøtet.

SAK 95/18 **UTDELING AV BLOMAR TIL ELDRE OVER 85 ÅR FØR JUL I TANUM MENIGHET**

I mangel av diakoniutval hadde Kari Espelid kontakta to av dei forrige medlemene om den praktiske gjennomføringa. Ho hadde fått ny liste frå

kyrkjekontoret over aktuelle mottakarar, fordela desse på lista over frivillige utkøyrarar og kontakta utkøyrarane. Av 15 registrerte utkøyrarar hadde to trekt seg. Greta Karin Wibe Svendsen og Dag Johnsen steppar inn for desse i år. Vi brukar korta med foto av Tanum kyrkje.

Vi kvalitetssikra mottakarlista. Blomeutdeling blir laurdag 1. des. kl 10-12 hjå Anne Gro Gutterød, som også bestiller alle blomane. 55 blomar skal ut til eldre som bur heime (av desse 10 ektepar som får ein blom kvar), pluss tre blomar til Grevle og 2 til Stabru.

Vedtak: Menighetsrådet tek ansvar for å administrere utdelinga av blomar i fylgje opplegget skissert på møtet.

SAK 96/18

GUDSTENESTELISTA 2019. FORDELING AV DÅP OG NATTVÆR Sjø vedlegg

Vedtak: Gudstenestelista vedteken som det utsendte forslaget.

SAK 97/18

NYTT MENIGHETSRAÐ OG NYTT DIAKONIUTVAL Sjø sakene 83/18, 80/18, 63/18 og 49/18

Ein person har så langt sagt ja til å sitja i menighetsrådet. Vi drøfta fleire namn å spørja og kven som skulle spørja desse.

Fristen for å levere inn lista er 30. april 2019.

SAK 98/18

MELDINGAR/ORIENTERINGSSAKER

1. Info frå Kirkens nødhjelp, sjå vidaresende e-postar: Inspirasjonssamling 18.-19.febr 2019 og invitasjon til å bli med KirkensNødhjelp på tur til Malawi i løpet av 2019 med søknadsfrist 9. des.2018.
2. Tilbod om orgelkonsert ved Morten Samuelsen
3. Normisjons online TV-aksjon 5. des. kl 19.30.
4. Renta på orgelkontoen i Larvikbanken har gått opp frå 1,65 % til 1,8 %!

SAK 99/18

EVENTUELT

1. Desembermøtet den 12.12. med invitasjon til juleavslutning for medlemmer og tilsette med ektefeller etterpå. Sekretæren sender ut invitasjonane.
2. Vi treng ein ny klokke frå 1. januar 2019.
3. Tanum menighetsråd seier ja til å ha teneste på Sportskapellet den 12. mai.